

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 11.02.2009 **Tid:** 15.00 – 17.45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Bjørn Sævild

I staden møtte:
Dag Nydal

Andre som var tilstades på møtet:

Adm.sjef

Ordførar kom til møtet under handsaming av sak 4/09.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 12. februar 2009

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Adm.sjefen orienterte om desse sakene:

- Klima og miljøplan vil verta sendt ut til medlemmane til gjennomsyn ein av dei første dagane. Planen vil verta fremja til handsaming i neste møte. Det er gjerne ønskeleg at planen vert meir spesifikk for Samnanger kommune. Medlemmane vert derfor beden om å melda attende til administrasjonen om dei har tema/tiltak som gjeld konkret Samnanger som bør takast inn i planen. Arbeidsgruppa vil så verta kalla saman for å sjå om framlegga skal innarbeidast i planframlegget.
- Bemanningssituasjonen i teknisk eining. Flytting til Frøland for utegjengen inkl. avd. leiar vart drøfta. Adm.sjef viste til at det i budsjettet for 2009 er lagt inn midlar til flyttinga.
- OO og PØ er utfordra på å peika ut eit medlem kvar til ei arbeidsgruppe som skal sjå på bruk og plassering av paviljongen. Dersom Natur ønskjer å vera med i arbeidet, må dei peika ut eit medlem. **Helga Nygård** vart vald til å representera naturutvalet.

UTVALET SITT KVARTER:

Sigmund Dyrhovden viste til arbeidet som er gjort med å få betre vegtilkomst til Totræna. Vegen no er mykje betre enn tidlegare. Han viste og til den innsatsen og det arbeidet som vert lagt ned i løypepreparering m.m. Han har forstått det slik at laget har store utgifter til reparasjonar av maskin, og han meinte at kommunen bør sjå om det var mogleg å gje dei støtte.

Etter drøftingar vart det konkludert med at langrennsgruppa bør kunne søkje om støtte til arbeidet sitt i BOF samt at det bør sendast ein formell søknad til kommunen om støtte.

Dyrhovden tok også opp spørsmål om plassering av steinmassar frå evt. kraftverk i Aldal evt. Frøland. Han viste til møte med BKK i førre veke.

Sture Tveit som er medlem i kommunen si steingruppe orienterte om arbeidet deira, m.a. at på neste møte den 25.02. vil det vera representantar frå BKK for å orientera nemnda om planane. Medlemmane i naturutvalet vart utfordra på å melde inn til steingruppa om moglege tiltak for allmenntilgjengleg bruk av steinmassane.

Sture Tveit ba om informasjon om når privatisering av kommunale vegar kom til handsaming. Adm.sjef orienterte om gjenståande arbeid, og at saka vil koma til utvalet i løpet av våren.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/09	08/00519 DELINGSSAK GNR 34, BNR 45. I EIKEDAL
0002/09	08/00545 DELINGSSAK GNR 18, BNR 15.
0003/09	09/00046 BYGGESAK, 2 MANNSBOLIG - TOMT 39, 40, 46 - LØNNEBAKKEN
0004/09	08/00345 KRAFTLEDNING SAMNANGER - VAKSDAL
0005/09	08/00209 FORSKRIFT OM FRIST FOR SPREIING AV GJØDSELVARER AV ORGANISK OPPHAV I FUSA, SAMNANGER OG OS KOMMUNAR.

0001/09

DELINGSSAK GNR 34, BNR 45. I EIKEDAL

Framlegg til vedtak::

Med heimel i Plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve for to tomter på Gnr.34 Bnr 45 i Eikedal.

Avløp skal førast til fellesanlegg i samsvar med forskrift for gjeldande reguleringsplan for Eikedalen hyttetun.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i Plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve for to tomter på Gnr.34 Bnr 45 i Eikedal.

Avløp skal førast til fellesanlegg i samsvar med forskrift for gjeldande reguleringsplan for Eikedalen hyttetun.

0002/09

DELINGSSAK GNR 18, BNR 15.

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve for ein parsell på ca.500m2 på Gnr.18 Bnr. 15 på Bjørkheim. Med heimel i § 7 i same lov vert det gjeve dispensasjon frå krav om å utarbeida reguleringsplan.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve for ein parsell på ca.500m2 på Gnr.18 Bnr. 15 på Bjørkheim. Med heimel i § 7 i same lov vert det gjeve dispensasjon frå krav om å utarbeida reguleringsplan.

0003/09

BYGGESAK, 2 MANNSBOLIG - TOMT 39, 40, 46 - LØNNEBAKKEN

Framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå tillatt tomteutnytting, med ein utnytting på 37%. I tillegg vert det gjeve løyve til å byggja nærare gangvegen enn 4 m, dog med ein avstand slik at avstanden til naboeigedomen vert over 4m.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for 3 stk. tomannsbustader på tomt 39, 40 og 46 på Lønnebakken. Det vert også gjeve løyve til 1 stk. frittstående bod/carport og vegar inn til boligane.

Løyve vert gjeve i samsvar med søknad dgs.22.01.09.

Før arbeidet vert satt i gang skal ansvarleg utførande for dei respektive arbeida vera godkjent.

Bustadane skal koplast til kommunalt vass- og avløpsnett.

Frist for nabovarsel er ikkje gått ut, og løyvet er gjeve ned forbehold om at det ikkje kjem merknader til prosjektet.

Handsaming i møte:

Fristen for nabovarsel er no gått ut og det er ikkje kome inn merknader. Framlegg til vedtak vert endra ved at siste setninga vart strøken.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak med denne endringa.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå tillatt tomteutnytting, med ein utnytting på 37%. I tillegg vert det gjeve løyve til å byggja nærare gangvegen enn 4 m, dog med ein avstand slik at avstanden til naboeigedomen vert over 4m.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for 3 stk. tomannsbustader på tomt 39, 40 og 46 på Lønnebakken. Det vert også gjeve løyve til 1 stk. frittstående bod/carport og vegar inn til boligane.

Løyve vert gjeve i samsvar med søknad dgs.22.01.09.

Før arbeidet vert satt i gang skal ansvarleg utførande for dei respektive arbeida vera godkjent.

Bustadane skal koplast til kommunalt vass- og avløpsnett.

0004/09

KRAFTLEDNING SAMNANGER - VAKSDAL

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ser helst at det ikkje vert bygd kraftlinje i eit område som frå før har minimalt med fysiske inngrep.

Før Samnanger kommune tek endeleg stilling i saka, ber me om at BKK utgreier alternative løysingar for kraftforsyning til Boge.

Handsaming i møte:

Sigmund Dyrhovden ba om å få vera ugild ved handsaminga av saka. Han m.fl. har planar om utbygging av småkraftverk i området.

Sven Thore Kulleseid tok plass som varamedlem.

Utvalet tok stilling til spørsmålet om ugildskap. Utvalet fann samrøystes å imøtekoma Dyrhovden i dette spørsmålet.

Kulleseid sette fram slikt framlegg:

- Samnanger kommune stiller seg open til vidare dialog med BKK og Vaksdal kommune om bygging av kraftlina Grønsdal – Boge.
- Med bakgrunn i tidlegare samtaler ynskjer me at det vert utøvd særleg varsemd i høve til trasèval og plassering av mastene, og at kabelgrøft vert vidare vurdert på delar av trasèen, evt, i eit spleiselag med småkraftinteressar på Samnangersida.
- Samnanger Kommune ynskjer sterkt ei oppgradering av nettet til å ta inn meir småkraftproduksjon. Me vil såleis be BKK strekkja seg langt for at ein ved bygging av ei ny kraftlinje opnar for at ei viss mengd småkraft kan takast inn. (I samtalan som har vore har BKK bekrefta at dette er mogleg for øvste del av Samnangervassdraget).

Gunnar Bruvik sette fram slikt framlegg:

Før Samnanger kommune tek stilling i saka, ber me om at BKK utgreier alternative løysingar for kraftforsyning til Boge.

Det vart røysta alternativt over dei tre framlegga:

Ingen røysta for framlegg til vedtak.

1 røysta for framlegget frå Kulleseid.

6 røysta for framlegget frå Bruvik som då vart vedteke.

Vedtak:

Før Samnanger kommune tek stilling i saka, ber me om at BKK utgreier alternative løysingar for kraftforsyning til Boge.

0005/09

**FORSKRIFT OM FRIST FOR SPREIING AV GJØDSELVARER AV ORGANISK
OPPHAV
I FUSA, SAMNANGER OG OS KOMMUNAR.**

Framlegg til vedtak::

Forskrift om spring av husdyrgjødsel for Fusa, Os og Samnanger vert vedteke slik ho ligg føre.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Forskrift om spring av husdyrgjødsel for Fusa, Os og Samnanger vert vedteke slik ho ligg føre.